


Etter innføringa av fast postgang i Noreg frå 1647 vart det utpeika postgardar der bonden hadde plikt å føra posten til neste postgard. Garden TVINNE ligg 12 km frå ROGNE, neste postgard vestetter, og om lag like langt frå VINJE, neste postgard austetter. På Vinje vart det seinare skysskifte med høve til overnatting for ferdafolk, og frå 1830-åra hotell.



«Tvinden paa Voss». Teikning frå 1870.

Tvinne ligg ved den storfelde og vakre Tvinnefossen. Ein av Noregs fremste skodespelarar, LARS TVINDE, voks opp her på garden. Ein av hans



Med dei gamle postsekkene i tunet på Tvinne.

forfedrar var DAVID HUSTVEDT; bonde på Hustveit, ein fjellgard på andre sida av dalen, ovanfor garden Gjøstein. David Hustvedt var etter formannskapslovene av 1837 den første ordføraren i Voss herad.

Busetnaden i denne delen av bygda er gammal. På Gjøstein er fleire helleristingar godt synlege frå vegen på andre sida av elva. □

GJØSTEIN


Følgjer vi den gamle postvegen 100 meter nedetter frå tunet på GJØSTEIN, kjem vi til ei veldig steinblokk som heiter Ringsteinen. Eit lite stykke vidare mot nord går vegen mellom to steinar, Porten. Endå nokre meter vidare ligg ein tredje stein, Klippe. På alle desse tre finst helleristingar: ringfigurar og eit band med spiralornament – «løpande hund», som han vert kalla (biletet). Alderen på desse ristningane er uvisst, dei kan gå heilt attende til bronsealderen.



NESHEIMSTUNET

Ved øvre enden av Lønavatnet ligg garden NESHEIM, etter segna eit hovdingsete i vikingtida. Det har vore ein stor og god gard, einbølt og udelt fram til vår tid. Det gamle tunet har ei husrekke av tre samanbygde hus – eldhus, røykstove og lemstove – og elles dei andre husa som høyrde til på garden. I eldhuset står enno ein røykonn, visstnok den einaste som er att på Voss. Løa, som er bygd i 1797, var i si tid den største i bygda.

LARS NILSSON NESHEIM (1792–1880), ein vidkjend visesongar, var frå denne garden. Nesheimstunet vart overteke av Voss folkemuseum i 1970 og sett i god stand.



SJUR BYGD

Den avstengde MYRKDALEN har fostra fleire kjende kunstnarar. Ein av dei er forfattaren SJUR BYGD (1889–1985). Han debuterte i 1915 med «Fjellfolk», ei samling småforteljingar; seinare gav han ut «Holmgang», «Valplassen» og «Luftspeglingar», den siste i 1925. Så kom det ikkje fleire bøker; dikteren overtok heimegarden på Bygd, vart ordførar i Vossestrand 1926–34, og direktør i

Vossestrand Sparebank. Men i 1949, 60 år gammal, steig Sjur Bygd på nytt fram som forfattar, med den store romanen «I hamskifte», deretter «Draumen», «Mot blå berg» og novellesamlinga «Mannen og natta». Sjur Bygd er ein skarpsynt psykolog som skildrar menneska og naturen.